

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

**DØSSLAND ADVOKATFIRMA AS**

Vår referanse : 311387

Ansvarleg advokat: Bjarte K. Døssland

Uskedalen, 7.06.2023

**SAK 2023/1495: TROND LEKVA MYKLEBUST – MERKNADAR TIL KOMMUNEPLAN 2050**

Trond Lekva Myklebust har bedt meg gi merknadar til framlegget til arealdelen av kommuneplan 2050.

Myklebust er eigar av gnr. 128 bnr. 5 og 7 i Kvinnherad kommune. Han kom allereie ved oppstarten av planarbeidet med innspel, jf. brevet hans av 29. september 2019, som eg legg ved i kopi. Han viste der til at det har vore drive uttak av sand i området sidan 1950-talet. Han eigedomar, og tilstøytande eigedomar, inneheld store ressursar av sand av høg kvalitet. Eg kan ikkje sjå at dette ressursområdet er nemnd i kommunens saksframlegg (side 14, råstoffressursar) eller planskildringa side 65-66, trass i at Myklebust altså konkret hadde spelt det inn. Det er viktig at dette no vert teke med i det vidare arbeidet, og at ein grundig vurderer å leggje området inn i arealdelen som område for råstoffutvinning.

Myklebust har tidlegare òg vist til uttale frå Direktoratet for mineralforvaltning av 15. februar 2019, som eg også legg ved i kopi. Direktoratet understrekar i brevet den forventninga som regjeringa har til at

*«..kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng».*

Det heiter vidare i brevet frå direktoratet:

*«Kommunen har i planprogrammet fokus på å vere attraktiv og planlegge i eit berekraftig perspektiv. DMF oppmodar difor kommunen om å forvalte sine mineralressursar. Det er ofte både økonomisk gunstig og klimavenleg å nytte lokale ressursar med kort transportavstand. Berekraftig forvaltning av mineralressursar inneber å skaffe ein oversikt over kva ressursar kommunen har og kva ressursar kommunen treng for å realisere kommande byggjeprojekt».*

Det er uheldig at Trond Lekva Myklebust sitt innspel synest å ikkje ha blitt vurdert under planprosessen så langt. Tilgangen til lokale sandressursar er det sentralt å ta omsyn til i ei langtidsplanlegging som både skal ivareta omsyna til samfunnsutvikling, under dette utvikling av bygg og annan infrastruktur, og miljøomsyn. For sistnemnde sin del er det tilstrekkeleg å vise til den svært store skilnaden i miljøbelastning eit lokalt masseuttak vil ha, sett i høve til å få naudsynte ressursar transportert til kommunen. I det langsiktige planarbeidet må ein, når ein skal ta stilling til tilrettelegging for utnytting av lokale ressursar, sjå dette opp mot dei ambisjonane ein har for byggeverksemd og næringsutvikling, jf. til dømes to viktige ambisjonar som er omtalt i planen; djupvasskai for vindturbinproduksjon på Klosterneiset og etablering av kvinnefengsel – to tiltak som truleg vil ha behov for store mengder sand (betong).

Skal ein kunne utarbeide reguleringsplan for utnytting av sandressursane på Myklebust sine eigedomar, og på eigedomar som grensar til desse, må ein no – under det langsiktige kommuneplanarbeidet – setje i verk nærare undersøkingar og vurderingar av omfanget av ressursane, kva næring og utvikling ressursane kan bidra til, kva arbeidsplassar dei kan bidra til, og kva moglege negative konsekvensar ei slik verksemd kan ha. Eg nemner elles at nærare vilkår for drift kan setjast i samband med reguleringsplanprosess, jf. plan- og bygningslova § 12-7.

Eventuelle motsegner mot å leggje det nemnde arealet inn som område for råstoffutvinning vil ein kunne få inn, og vurdere, i samband med vidare planprosess. Som nemnd har det i større og mindre grad vore masseuttak i området i rundt 70 år. Det må påreknast at grannar og andre interesser vil kome med sine merknadar dersom dei har slike.

Med venleg helsing



Bjarte K. Døssland

Advokat

[bjarte.dossland@dossland.no](mailto:bjarte.dossland@dossland.no)

Direkte telefonnummer 40404974

Vedlegg

Kopi: Trond Lekva Myklebust

Trond Lekva Myklebust

29.09.19

Døsslandssido 173

5463 Uskedalen

Kvinnherad Kommune

Kvinnherad 2050

5463 Uskedalen

Merknad til kommune plan. Arealdel

Med bakgrunn i Bergvesenet sin uttale til kommuneplanen, og informasjon gitt på oppstartsmøte vil eg komma med ein merknad til arealdel.

Oppe i utløpet av Børsdalen, som er sidedal til Uskedalen ligg det ein relativt stor sand førekomst. Denne ligg på Gnr 128 Bnr5 med fleire.

Det er drevet masseuttak frå ca 1950 og utover, det er tre uttaksområde som er opna, eit er i drift som planering / dyrking.

Det er foretatt fortids undersøkelser på ca halve arealet uten funn. Området består i dag av skog, beite, overflate dyrka og sandtak.

Sanden er av god kvalitet, og er godkjent som betongtilslag. Ein av dei viktigaste byggesteinane i samfunnet.

Ved å nytte sand frå lokalt uttak, vert det meir miljøvenleg, då ein slepp lang frakt med store båtar, ein får arbeidsplassar lokalt, og inntekter til kommunen.

Vedlegg: 1 kart.

Mvh

Trond Myklebust




# Sandforekonst i Uskedalen

Dato: 29.09.2019

Målestokk: 1:5000

Koordinatsystem: UTM 32N





**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 15.02.2019  
Vår ref: 18/04074-2  
Deres ref:

## Uttale til høyring av planprogram - Kommuneplan for Kvinnherad kommune

Leiv Erikssons vel 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 10. desember 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnyttning av mineralske ressurser, og har et særleg ansvar for at mineralressurser blir teke omsyn til i plansaker.

### Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressurser som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regionalsamanheng.*

### Saka

Kvinnherad kommune ber om innspel til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.



## Uttale

### Mineralressursar i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har i følgje Norges Geologiske Undersøking (NGU)<sup>1</sup> mange registrerte førekomstar av byggeråstoff (sand, grus og pukk) og andre mineralressursar (malmar, industrimineral og naturstein). DMF si digitale kartløyising<sup>2</sup> visar at kommunen har to masseuttak i drift (Vaage og Dimmelsvik) og eit avvikla uttak på Mauranger. Kartløyisinga viser òg fleire område kor ein må vere aktsam med tanke på opningar og tunellar frå gamal gruve drift.

### Berekraftig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar

Kommunen har i planprogrammet fokus på å vere attraktiv og planlegge i eit berekraftig perspektiv. DMF oppmodar difor kommunen om å forvalte sine mineralressursar. Det er ofte både økonomisk gunstig og klimavenleg å nytte lokale ressursar med kort transportavstand. Berekraftig forvaltning av mineralressursar inneber å skaffe ein oversikt over kva ressursar kommunen har og kva ressursar kommunen treng for å realisere kommande byggjeprojekt.

Som dei nasjonale forventningane legg vekt på, omfattar forvaltning av mineralressursar ikkje berre å avsette nye område for råstoffutvinning. Det inneber òg å sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida og komande generasjonar. Det er viktig å hugse på at ressursar som det ikkje er behov for eller ikkje kan nyttast i dag på grunn av marknad eller tilgjenge, kan bli aktuelle i framtida. Dette inneber at kommunen så langt som mogleg bør unngå å bandlegge registrerte mineralressursar gjennom arealbruk som kan føre til førekomstar blir bygd ned, eller som legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane. DMF minn om moglegheita til å leggje omsynssone for å sikre mineralressursane for framtida jf. Rundskriv «Ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkelova» datert 30. juni 2017, (§ 11-8);

*«Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synliggjøre mineralressurser som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen.*

*Hensikten er å unngå utbygging eller tiltak som kan vanskeliggjøre senere utvinning av mineralske ressurser.»*

Berekraftig forvaltning av mineralressursar inneber òg å sette mål for handsaming av overskotsmassar. Kvalitetsmassar bør nyttast til byggjeformål og ikkje deponerast permanent eller dumpast i sjø.

---

<sup>1</sup> <https://www.ngu.no/emne/kartinnsyn>

<sup>2</sup> <https://minit.dirmin.no/kart/#>



### Handlingsplanar og forslag til plankrav

Planprogrammet bør leggje handlingsplanar for forvaltinga av mineralressursane i kommunen, med grunnlag i det som er skreve ovanfor.

DMF oppmodar om at kommunen set følgande krav i føresegnene til ny arealdel:

- Føre vidare føresegna 2.22. Mineralressursar i vedteke kommuneplan; «Det skal takast omsyn til registrerte mineralførekomstar ved alle byggetiltak.»
- Drift skal skje i medhald av føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er myndigheit etter minerallova
- Alle masseuttak skal ha ein reguleringsplan, då dette tek omsyn til samfunn og omgjevnader på best mogleg måte

Til slutt minn vi om at:

- Mineralressursar er eit eget utredningstema jf. Forskrift om konsekvensutgreingar (2017), § 21
- Gamle gruvar og områda rundt slike anlegg bør behandlast i aktuelle ROS-analysar

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe

Mottakarar:

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Kopi til: